

Advokatjus, folkejus og folkerett

Av Olav Steingjard, 7078 Saupstad

Boka «Lys over landssvik-oppgjøret» av høgsterettsadvokatjus, 2014, er ei brannbombe mot det såkalla rettsoppgjeret, ei bombe som alle tidligare NS-folk har venta på så lenge. – Dei som enno lever att etter førti års offisiell tagnad, tar imot denne boka med takk, men med vemod.

Også eg fryder meg over den glitrande advokatjusen, men som ein mann med berre vanlig folkevit, finn eg likevel moment, etter mitt skjønne svært viktige moment, eg vurderer på ein annan måte. Men først til Wiesener's syn på landssvikoppgjeret:

«Et vanlig spørsmål i retten fra dommeren var formet slik: «Visste De ikke at Norge var i krig?» Spørsmålet er ikke bare ledende. Det er villedende», skriv Wiesener. Han hevdar at det det er spørsmål om, er om vi *deltok* i krigen. Han nemner at etter kapitulasjonsavtalen fekk dei norske offiserane «14 dagers betenkningstid med hensyn til æresordet, til nøktern overveieelse, (–) og ingen norsk offiser er blitt straffet for landssvik for det fatale æresordet.»

Wieseners vurdering av kapitulasjonsavtalen ser elles ut til å vera i samsvar med vurderingane til statsrådene Nygaardsvold, Koht og Ljungberg, for då dei møtte som vitne i straffesaka mot NS-statsråd Skancke, kunne ingen av dei minnast å ha sett originaldokumentet av kapitulasjonsavtalen, endå dette historiske papiret hadde «påtegninger om at dokumentet er sett av samtlige tre ministre. (–) Flatterende for rettsstaten er herrens oppførsel ikke. Det står en gufs av uhygge av hele episoden. Det hører med til sammenhengen at dette skjedde i en sak som endte med dødsdom. Og den dømte ble ikke benådet.»

I proklamasjonen frå Kongen og regjeringa til det norske folket 9. juni 1940 heiter det m.a.: «De vil så langt som det er gjørlig opprettholde det norske rikes selvstendige liv, således at ingen av de rettigheter som tilkommer en fri stat skal bli forspilt.» Kunnngjort slik over Tromsø radio og i alle nordnorske aviser så nær som i bladet «Finnmarken», der uttrykket «selvstendige liv» var blitt endra til «det norske rikes selvstendighetskrig». NB: denne feilskrivinga blir ikkje retta før 15/3 1948 i brev frå Riksadvokaten.

Ei liknande feilskriving doserer vår professor i okkupasjonshistorie, Magne Skodvin, da han siterer general Ruge's kunninggjøring om at «nordmenn var med på andre fronter, der krigen gikk videre». Altså stormaktskrigen. – I Skodvin's gjengivelse var det blitt til at «Norge var med på de andre frontene». Altså Norge som stat. Ikke frivillige nordmenn.»

«Feilskriving», «feiltolking» og «minnesvikt» har sett så djupe far etter seg i landssvikoppgjeret at det som skulle bli eit rettsoppgjer, har drukna i rettslig likesale: «Aldri har de fått noen oppreisning for lovstridig behandling. Og de ansvarlige lar i sin likegyldige bekvemmelighet fremdeles befolkningen tro på tesen om forraderi, som aldri er blitt fastslått. Rettsforvillelsen er så uhyre stor at den ganske enkelt ikke lar seg erkjenne.»

Wiesener viser vidare til feiltolkinga av kapitulasjonsavtalen, der uttrykket «die gesamten norwegischen Streitkräfte» er blitt omsett til «de samlede», ikkje som det står til «*samtlige* norske stridskrefter. (–) Skjønner man ikke den infame forskjellen».

Advokaten slår fast at nær «die gesamten» norske stridskreftene hadde lagt ned sine vapen, var krigen slutt, og nær fiendtlighetene blir innstilt, ligger det nær å trekke den slutning at da er ikke tyskerne fiender lenger, heller ikke i straffelovens forstand.»

Ei bisetning om den såkalla Elverums-fullmakta tykkjest meg lite – nar vi veit at denne «fullmakta» er blitt brukt som ein religiøs truduomsartikkel for landssvikoppgjeret, «... den betyr (ikke) så meget. Hjemmelen var Grunnlovens § 17», hevdar advokaten. Denne paragrafen slår nemlig fast at «provisoriske Anordninger må ikke stride mot Konstitusjonen. De gjælde provisorisk til næste Storting.» Når vår kapitulasjon er bygd på Grunnloven, må følgjelig desse provisoriske anordningane vera i samsvar med Grunnloven.

Då «næste Storting» var samla 12. juni 1945, tok representanten Moseid ordet: «Er Regjeringen oppmerksom på at fremstående rettslærde har reist innsigelser mot lovligheten av provisorisk anordning av 15/12 1944 og 16/2 1945 om rettergangen i landssviksa-

ker?» Men Moseid blei blankt avvist av justisministeren. Det Stortinget som hadde valt seg sjølv inn på Tinget, valde å teia, og representantane frå eksilregjeringa fann ingen grunn for å gripe inn.

Først 6. februar 1947 – etter at landssvikapparatet hadde prega seg djupe spor i det nye juridiske landskapet – kom Landssvikanordninga opp i Stortinget, og atter tar Moseid ordet: «For mitt vedkommande gjorde jeg det ytterste for å få saken fram, men det var en mur av motstand, så ikke noen mulighet til å få den behandlet, forelå.» – Grunnlovens § 17 måtte ha vore sett ut av kraft, no i fredstid.

Wiesener peiker på eit skriv frå departementet til Stortinget i januar 1962, om landssvikoppgjeret, og siterer: «Utvalget antar at dette arbeid bør ledes av en mindre komité på ca. 5 medlemmer. Utvalget har drøftet om det til dette arbeid er mulig å skaffe et antall sakkyndige som er tilstrekkelig uhildet til å gi en fremstilling, hvis objektivitet ikke kan trekkes i tvil. Dette har utvalget ikke ansett gjørlig.»

«Politisk opportuniste til beste for det land man har ansvar for, kleber det i prinsippet ikke noe galt ved. Individuell opportuniste er mindre tiltalende,» skriv advokat Wiesener. – Her blir det kortslutning mellom hans advokatjus og min enkle folkejus, for etter mitt skjønne når opportuniste heilt ifrå køsniking til avtalebrot og falsk eid. Eit par enkle døme på slik opportuniste:

Eksilregjeringa i London måtte sjølv sagt vera klar over at uttrykket «selvstendighetskrig» i bladet «Finnmarken» i beste fall var ein feiltrykk, men då dette uttrykket var eit framifrå godt propagandamiddele både for eige eksilopphald og for sabotasjeaksjonar mot okkupanten, blei feilskrivinga mottatt med opportun glede.

Klårast ser vi den offisielle opportunisten då 1940-regjeringa i løynd for folket braut med sin eigen erklærte nøytralitetspolitikk, nedfelt i «dei instruksar som er utforma» som utanriksminister Koht uttrykte det 8. april 1940. Hadde det kleba noko godt til slike instruksar, ville ikkje eksilpolitikarane funne det opportunt å hemmeligstemple 9. april-aktene, og late augene att for den årelange forfølginga av folk som hadde tatt konse-

108109

kvensen av at regjeringa hadde svikta sin eigen nøytralitetspolitikk, og av den grunn hadde meldt seg inn i NS.

Etter min enkle folkejus vurderte eg hendingene som førte fram til 9. april-komplekset slik: Blokaden av Tyskland under førre verdenskrigen viste seg å vere eit svært effektivt våpen – også mot sivillfolket. Då det er dei same entente-maktene som erklærer Hitler-Tyskland krig 3. september 1939, måtte tyskarane rekne med ein ny blokade, og då ententen 5. februar 1940 søkte om gjennomgang over Narvik for militærhjelp til Finland – endå sjøvegen låg open heilt fram, burde det ikkje vera vondt å skjønne at ein ny blokade var i emning, i første omgang mot malmtransporten fra Sverige. 16. februar borda så «Cossack» «Altmark» i jøsingfjorden – med den norske marine som fadderskap, og 5. april kom den britisk-franske noten, der det i klårtekst blir

vist til folkeretten: «... når fienden systematisk har tydd til lovstridige metoder», har motparten rett til «å foreta slike motforanstaltninger som de må finne passende under foranliggende forhold».

Etter mitt skjønn såg tyskarane gjerne at Norge hadde eit sterkr nøytralitetsvern, for då kunne dei få sendt malmåttane sine langs den lange norskekysten under norsk nøytralitetsvakt, men det var jo nettopp dette motparten mislikte.

Etter krigen kom eg over boka «Folkerett» av prof. dr. jur. Frede Castberg, som tolkar denne rettstvisten slik: «Derfor må den nøytrale stat som velger å bøye seg for overmakten, visstnok finne seg i at nøytralitetskrenkerens motpart, om nødvendig, tar kampen opp på den nøytrale stats eget territorium.» Når Folkeretten under ein krig gir ein stat rett til å forsvare seg på ein tredje parts territorium, kan ikkje dette vera ei fiendslig handling mot den tredje parten, for om så var, ville Folkeretten vera meningslaus.

Etter min enkle folkejus er Folkeretten den overordnedomstolen i rettstvister statar imellom. – At stormakter i krig les Folkerettens a for u og seks for sju ser vi eit godt døme på i den førnemnde britisk-franske noten.

Rikskommisar Terboven erklærte 25. september 1940 at «veien til frihet og selvstendighet for Norge gikk over NS. Hans forutsetning var tysk seier. Nordmenn kunne mislike dette, men noen måtte ta det alvorlig. Vant Tyskland, var vi dårlig hjulpet med vår eksilregjering i London. Over 20 000 nordmenn meldte seg inn i NS i siste kvartal av 1940. Var det landssvik?»

Eg finn det høvelig opprettent å la forfatteren av «Folkedommen over NS», den gongen var kyrkjelige primas, biskop Berggrav, svara på Wiesener's spørsmål. – Den 23. oktober, altså fire veker etter Terbovens erklæring, svarer Berggrav på eit spørsmål i eit hyrdebrev til det norske folket: «En tredje engstelse er kommet frem ved spørsmål om å melde seg inn i NS. Enhver må her følge sin overbevisning.»

Dei tre siste okkupasjonsåra budde eg i ei fredelig bygd i Trøndelag. Ikkje eit menneske var blitt arrestert i desse åra, ikkje før freden braut ut. Då, etter at krigen var totalt vunnen, fekk eg oppleva at sindige bondegutar blei henta frå onnearbeidet og ført til Falstad fangeleir. I fredsrusen var det liksom folkevitet tok fellesferie.

Fedrene deira, tre bønder godt opp i sekstiåra, som hadde gjort sitt beste for å produsere mat i dei harde krigsåra, fekk store pengebøter og tap av allmen tillit i ti år. Dei hadde ikkje vore gode nordmenn i landets trengselstid.

Det følgde ei lita lærarjord med skoleposten, og då vi kunne få kraftfôr ved å levere egg, var eg ein dag på veg til handelslaget med korga full. På vegen møtte eg ein av dei bøndene som var på den rette sida. – Han gløtta bort på eggkorgen og sa med ein glis: «Så, du lever' egg til tyskaran', sjer eg». – Han leverte sjølv egg, men til andre kunder.

«Kollektiv skyld er en juridisk uhyrlighet. Det er en krenkelse av menneskeverdet. (–) Noen begrunner kollektiv skyld hos NS-folkene med *grusomheter* i krigsårene. Men en generell reaksjon overfor NS-folk på dette grunnlag er ikke rettferdig. En NS-bonde på Hedmark eller en NS-dame i Bergen kunne intet gjøre for å hindre at Rinnan, Kaas eller Haaland fra sadisteri. De visste ikke engang om disse utskielser før det kom avsløringer etter frigjøringen. (–) Jeg tviler ikke på at det fremdeles – 40 år etterpå – finnes krefter som er interessert i at rettsmiseren fortsatt holdes mørklagt», skriv høgsterettsadvokat Albert Wiesener.

For ei tid sidan fekk eg attende tre motlegg på innlegg i Ordet fritt om landsoppgjeret. Redaktøren hadde sove på dei så lenge at dei var blitt for gamle. – Eg som trudde at Ordet-fritt-spaltane skulle vera demokratiets nødanker i farens stund.

Olav Steinøygaard

*Albert Wiesener:
«LYS OVER LANDS-
SVIKOPPGJØRET»
Dreyer Forlag*

(Kan kjøpes fra vår Boktjeneste.)